

11 MAR 2011

07 MAR 2011



Adresseliste

Dykker ref.

Vår ref. (bør oppgjevest ved svar)

Dato
28.02..2011

Arkivkode:
RS/2011

JOTUNHEIMEN NASJONALPARK / UTLADALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE - ÅRSMELDING 2010

Vedlagt årsmelding for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde for 2010.

Med helsing

Rigmor Solem
Rigmor Solem

Adresseliste:

Miljøverndepartementet, postboks 8013, Dep., 0030 Oslo
Direktoratet for naturforvaltning, P.b. 5672 Sluppen, 7485 Trondheim
Statens naturopsyn, P.b. 5672 Sluppen, 7485 Trondheim
Fylkesmannen i Oppland, serviceboks, 2626 Lillehammer
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, miljøvernavdelinga, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Fylkesmannen i Oppland, landbruksavdelinga, serviceboks, 2626 Lillehammer
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, landbruksavdelinga, postboks 14, 6801 Førde
Statskog SF, postboks 63 Sentrum, 7801 Namsos
Statskog , Storgt 64A, 2600 Lillehammer
Statskog, Kaigaten 9, 5016 Bergen
Norges Fjellstyresamband, Stortingsgt 30, 0161 Oslo
Sogn og Fjordane fylkeskommune, kulturseksjonen, postboks 173, 6801 Førde
Oppland fylkeskommune, kulturseksjonen, Kirkegt. 76, 2600 Lillehammer
Sogn og Fjordane politidistrikt, 6900 Florø
Gudbrandsdal politidistrikt, Storgt. 129, 2600 Lillehammer
Vest- Oppland politisdistrikt, Ibsensgt. 1, 2821 Gjøvik
Lensmannen i Årdal, 6881 Årdalstangen
Lensmannen i Luster, 6868 Gaupne



Lensmannen i Lom, postboks 8, 2688 Lom
Lensmannen i Vågå, 2680 Vågå
Lensmannen i Vang, 2975, Vang i Valdres
Årdal kommune, 6881 Årdalstangen
Luster kommune, 6868 Gaupne
Lom kommune, 2686 Lom
Vågå kommune, 2680 Vågå
Vang kommune, 2975 Vang i Valdres
Tilsynsutvalet i Årdal, Vidar Sylvarnes, 6884 Øvre Årdal
Tilsynsutvalet i Luster, Anders Fortun, 6876 Skjolden
Tilsynsutvalet i Lom, postboks 94, 2688 Lom
Tilsynsutvalet i Vågå, Fjellstyrekontoret, 2680 Vågå
Tilsynsutvalet i Vang, Geir Moen, 2975 Vang i Valdres
Fjelloppsyn Odd Repp, postboks 94, 2688 Lom
Fjelloppsyn Øyvind Angard, postboks 94, 2688 Lom
Fjelloppsyn Erik Myrum , fjellstyrekontoret, 2680 Vågå
Fjelloppsyn Knut Øyjordet, fjellstyrekontoret, 2680 Vågå
Fjelloppsyn Einar Fortun, Luster kommune, 6868 Gaupne
Thor Østbye, 2975 Vang i Valdres
Petter Løvdahl, pb 28., 6882 Øvre Årdal
Esben Bø, Statens naturoppsyn , pb. 94, 2688 Lom
Norsk Fjellmuseum, postboks 5, 2688 Lom
Storådalen beitelag, v/ Jon Sjurgard, 2686 Lom
Nils Teigen, 2686 Lom
Stiftinga Utladalen Naturhus, pb. 28, 6882 Øvre Årdal
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, Langebuv 16, 6800 Førde
Naturvernforbundet i Oppland, postboks 454, 2601 Lillehammer
Høgskulen i Sogn og Fjordane, postboks 39, 6856 Sogndal
Høgskolen i Lillehammer, Gudbrandsdalsvn. 350, 2600 Lillehammer
Årdal fjellstyre, Vidar Moen, Seimsdalen, 6885 Årdalstangen
Luster fjellstyre, Torill Otterhjell, 6877 Fortun
Lom fjellstyre, Erik Frisvold, 2685 Garmo
Vågå fjellstyre, Odd Erik Sveen, 2680 Vågå
Vang fjellstyre v/ Geir Moen, 2975 Vang i Valdres
DNT Oslo og Omegn,, postboks 7 Sentrum, 0101 Oslo
Luster Turlag, Stein Næss, 6875 Høyheimsvik
Årdal Turlag v/ Olav Kjell Moen, 6884 Øvre Årdal
Stiftinga Avdal Gard v/ Petter A. Løvdahl, 6884 Øvre Årdal
Utladalen Sameige v/ Steinar Mørkrid, 6877 Fortun
Per Avdal, 6884 Øvre Årdal
Berit Johansen Vetti, 6884 Øvre Årdal
Arnt Otto Øygarden, 6884 Øvre Årdal
Hydro Aluminium Årdal, 6885 Årdalstangen
Hydro Energi Sogn, 6885 Årdalstangen
Hydro Energi Sogn, 6877 Fortun
Memurubu turisthytte v/ Ketil E. Sveine, 2686 Lom
Glitterheim turisthytte v/ Knut Vole og Tone Bergnord, 2686 Lom
Gjendebu turisthytte v/ Lars Åge Hilde, 6793 Innvik
Turtagro Hotel, 6877 Fortun
Skogadalsbøen turisthytte v/ Kjell Hjellødegård, 2660 Dombås
Leirvassbu Fjellstue 2687 Bøverdalen
Spiteurstulen turisthytte, postboks 158, 2688 Lom
Gjendesheim Turisthytte, pb 32 2680 Vågå
Raubergrstulen Fjellstue v/ Borgny og Magnar Mundhjeld, 2686 Lom
Juvasshytta,, 2687 Bøverdalen
Bessheim Fjellstue, Sjodalen, 2680 Vågå
Fondsbu Turisthytte, Eidsbugarden, 2985 Tyinkrysset



Jotunheimen nasjonalpark Utladalen landskapsvernområde



ÅRSMELDING 2010
Statens naturoppsyn – Jotunheimen
Fylkesmannen i Oppland
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Føreord

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde vart oppretta i 1980. Den første årsmeldinga for verneområda kom i 1991 og har sidan vore årleg. Dette er såleis den 20. årsmeldinga frå området. Årsmeldinga for 2010 er i hovudsak utforma etter den malen som har vore nytta dei siste åra. Som tidlegare byggjer meldinga i fyrste rekje på registreringar og inntrykk frå dei som har drive uteaktivitet/oppsyn. Fylkesmannen i Oppland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane står for den delen av årsmeldinga som gjeld utøving av forvaltningsmynde. Hovudformålet med årsmeldinga er å gje ei samla framstilling av det arbeidet som er utført, forvaltingssituasjonen, bruken av områda og dei naturfaglege tilhøva i Jotunheimen og Utladalen.

Opplaget er på ca 90 eksemplar.

Statens naturoppsyn - Jotunheimen
Fylkesmannen i Oppland
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Framsídebilde: Galdhøpiggen og Styggebreen
Foto: Rigmor Solem

INNHOLD

1. Innleiing	s. 3
2. Status og aktivitet	s. 4
2.1. Grenser og grensemerking	s. 4
2.2. Verneforskrift, forvaltningsplan og skjøtselsplanar	s. 4
2.3. Informasjon, skjøtsel og tiltak	s. 4
2.3.1. Informasjon	s. 4
2.3.2. Skjøtsel/tilrettelegging	s. 7
2.3.3. Registrering/dokumentasjon	s. 8
2.4. Tiltak som har fått særlege tilskot	s. 9
2.5. Sakshandsaming	s. 10
2.6. Ferdsel	s. 10
2.6.1. Ferdsel til fots og på ski	s. 10
2.6.2. Motorferdsel	s. 11
2.7. Reiseliv/kommersiell verksemnd/arrangement	s. 11
2.8. Landbruk	s. 12
2.9. Dyr, fugleliv og jakt	s. 12
2.10. Bygging og andre inngrep	s. 13
2.11. Forsking/registrering	s. 13
2.12. Forsøpling, skader og ulemper	s. 13
3. Oppsummering - hovudinntrykk frå nasjonalparken og landskapsvernområdet i 2010	s. 14
4. Administrasjon	s. 14
4.1. Forvaltning og naturoppsy	s. 14
4.2. Organisering av naturopsynet	s. 14
4.3. Personell	s. 15
4.4. Møte/synfaringar/kurs som direkte vedkjem forvaltning og oppsyn	s. 15
4.5. Arbeidssamdrag	s. 16
Vedlegg: Adresser til tilsynsutval i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde	s. 17
Adresser og telefon til fylkesmennene	s. 17
Adresser og telefon til oppsyn	s. 18
Internettadresser	s. 18
Bilder frå tiltak og aktivitet 2010	s. 19

1. Innleiing

Jotunheimen nasjonalpark (ca 1151 km²) og Utladalen landskapsvernområde (314 km²) vart vedteken ved Kgl. res. 05.12.80. Verneområda ligg i kommunane Lom, Vågå og Vang i Oppland fylke og i kommunane Årdal og Luster i Sogn og Fjordane fylke. Arealet utgjer i alt 1.465 km².

I samband med fredingsvedtaket vart det vedteke verneforskrifter for områda. Formålet med Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde går fram frå verneforskriftene pkt. III:

"Formålet med nasjonalparken er å verne eit vilt, eigenarta, vakkert og i stor grad urørt fjellandskap med dyre- og planteliv på overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur. I nasjonalparken skal det innafor visse rammer vere høve til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske, undervisning og forsking."

"Formålet med landskapsvernombådet er å verne eit vilt og vakkert vestlandslandslandskap med naturmiljø og kulturminne i tilknyting til Jotunheimen nasjonalpark, samstundes som områda skal kunna nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske."

Formålet med vernet er retningsgjevande for forvaltninga av områda. Oppsynsarbeid, medteke skjøtsel, veiledning og informasjon, skal fremje formålet med vernet.

Det vart utarbeidt eigen forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsverneområde i 1998.

2. Status og aktivitet

2.1. Grenser og grensemerking

Grenseskilta ved dei mest nytta innfallsportane og turstiar vart kontrollerte. Nokre grenseskilt blir kvart år erstatta med nye.

2.2. Verneforskrift, forvaltningsplan og skjøtselsplanar

Parallelt med revisjon av verneforskriftene vart det sett i gang arbeid med å revidere forvaltningsplanen for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsverneområde. Arbeidet med revisjon av forvaltningsplan og verneforskrifter starta opp i 2004. Fylkesmannen sende si tilråding til nye verneforskrifter etter høyring (høyringsfrist 31.12.2007) til Direktoratet for naturforvaltning den 03.07.2008. Siste møtet i referansegruppa for dette arbeidet var 30.09.2009. Her var også Direktoratet for naturforvaltning (DN) tilstades, og referansegruppa gav sine råd til DN si førebelse tilbakemelding på Fylkesmennene si tilråding. Ved årsskiftet 2011 førabudde DN si tilråding til nye verneforskrifter overfor Miljøverndepartementet. Etter at dei nye verneforskriftene er vedteke ved Kgl.res. vil arbeidet med forvaltningsplanen bli sluttført.

Det ligg føre 2 godkjente skjøtselsplanar for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsverneområde. Det er skjøtselsplan for heimre Utladalen (1998, revisjon starta opp i 2009) og skjøtselsplan for Gjendebuområdet (2001). Kartleggingsarbeidet i forkant av ein påkrevd revisjon av skjøtselsplanen for Heimre Utladalen starta opp i 2009.

Kulturlandskapsskjøtsel i heimre Utladalen blir utført årleg. Heimre Utladalen er karakterisert som eit av dei best forvalta kulturlandskapsområda i Sogn og Fjordane, og det vart også i 2010 lagt ned mykje arbeid gjennom slått, styrt beiting og hogst/tynning.

I Gjendebuområdet blir skjøselstiltaka utført av oppsynet etter planen som Fylkesmannen gjennom Miljøfagleg utredning fekk utarbeidt, mellom anna kartlegging av biologisk mangfold i området.

2.3. Informasjon, skjøtsel og tiltak

2.3.1. Informasjon

I 2010 informerte naturoppsynet og sesongtilsette naturvegledarar direkte om lag 4500 personar i felt.

SNO Jotunheimen har delteke og informert på mange møter, seminar og arrangement om arbeidet i Jotunheimen. Oppsynet har generelt lagt vekt på informasjon og vegleding til brukarar av verneområda, skuleklassar og studentar. I Utladalen vart den årlege nasjonalparkfestivalen arrangert 23. mai.

Oppsynet gjennomførte/støtta opp fleire informasjonsopplegg for skular og andre:

- Markering av Naturmangfald-dagen 20. mai ved Utladalen Naturhus for 5. klasselevar ved Farnes skule.
- 9. klasse i Lom på tur i Utladalen med overnatting på Avdal gard i september.
- Kurs i miljøundervisning for Høgskulen i Sogn og Fjordane, avdeling for lærarutdanning i september. Vel 50 studentar og lærarar deltok ved kurset som vart arrangert av SNO i samarbeid med Stiftinga Utladalen Naturhus og Stiftinga Avdal Gard. Det er fjerde året dette

kurset er arrangert. SNO Jotunheimen ved Thor Østbye, Kathrin Hoffmann Aslaksby og Rigmor Solem var vegledarar ved kurset.

- Vegleding av 45 skuleelevar (4. klassingar frå Farnes skule) i samband med kurset i miljøundervisning for lærarstudentane.
- Vegleding av 10 praktikantar (skjøtselsmannskap) i Utladalen heile sommaren.
- Ny infoplakat om "Bruk og vern" vart ferdig i sommar og hengt opp i Utladalen.
- Ny infoplakat om turen over Knutshø vart ferdig i sommar og hengt opp ved stien ved Vargebakkane og Knutshø samt ved turistbedriftene i området.
- Arbeid med å lage ein ny plakat om turen over Besseggen og langs Bessvatnet vart langt på veg fullført. Dette arbeidet er utført av SNO Jotunheimen og Fylkesmannen i Oppland i samråd med Gjendesheim TH, DNT Oslo og Omegn, Gjendebåten AS, Gjendeosen Kiosk og Parkering og Vågå kommune. Det vart laga nytt informasjonspunkt ved Gjendeosen med ei endra plassering.
- Ein eigen SNO-lavvo vart innkjøpt for bruk rundt Jotunheimen for ulike arrangement og informasjonsopplegg. Lavvoen var også bruka ved Gjendeosen ei veke under høgste turistsesongen.

Prosjektet "Naturvegleding i Jotunheimen"

Dette 2-årige pilotprosjektet vart starta opp i 2009 (jfr årsmelding for 2009). Hovudmålsettinga er å gi besøkande innsikt i, forståing for og kunnskap om natur- og kulturarven i Jotunheimen. Hovudfokus for sesongen 2010 har vore naturvegleding knytt til "tilfeldige møte" langs vandrutene. Det er i tillegg arbeidd med tematiske vegledingsopplegg, naturstiar, informasjonskveldar/dagar og kurs. Hovudtema kan oppsummerast i følgjande fem punkt:

- Lokal natur- og kulturhistorie
- Flora og fauna i Jotunheimen
- Geologiske prosesser som har forma landskapet
- Verneformål
- Klimaendringar og korleis det påverkar dyre- og plantelivet

Dei tildelte midlane for 2010 gav rom for å tilsette 2 naturvegledarar, Stein Magne Grevrusten og Kathrin H. Aslaksby. I tillegg har naturvegleding vore eit prioritert arbeidsområde for alle i oppsynet dette året. Før sommarsesongen gjennomførte prosjektet eit seminar over tre dagar på Gjendesheim for naturvegledarar og oppsynsmannskap. Det vart lagt spesielt vekt på vegledarrolla og målgruppekjenntak. Reiselivsnæringa rundt Jotunheimen var invitert til første dagen.

Etter at det 2-årige prosjektet er avslutta er det spesielt seks punkt som er tilrådd vidareført av naturvegledarane:

- Vegleding i utemiljø – organisert i grupper i tilknyting til natur- og kulturmiljø
- Bruke "Det tilfeldige møte" langs turstiar, på turisthytter, Gjendebåten og tilhørande kaianlegg og gjerne i kombinasjon med lysbildeforedrag kvelden før.
- Permanent natur- og kultursti ved Gjendebu og Gjendesheim. Dette er aktiviserande samtidig som det er informativt, og det er tilgjengeleg for turistar og andre heile tida.
- Aktivitetsarrangement som gir rom for både oppleving og innleving.
- Naturvegleding av skuleklassar, turlag, fellesturar DNT, turleiarar DNT og liknande. Både i og utanfor hovudsesongen.
- Prioritere kvalitet kontra kvantitet.

Norsk Fjellmuseum:

I Norsk Fjellmuseum har Norsk Høgfjell-, Jotunheimen-, Jaktvåpen- og Mammut-utstillingane vore opne for publikum.

Utstillinga "Helsing frå Jotunheimen" vart opna i 2006, den vart også vist i 2010. Dette er ei utstilling som er basert på boka om gamle postkort frå Jotunheimen.

Utstillinga "Kalde spor" syner funn gjort i Reinheimen, Breheimen og Jotunheimen i 2006 og 2007 da avsmeltinga av breane var særleg stor. Denne utstillinga er laga for å vekkle interesse for originalfunna frå området. Desse funna er planlagt som ein del av Klimaparkutstillinga, som vil komme på plass i 2011. Funna stammar frå folkevandringstid (400-talet) til slutten av middelalderen (1500-talet). Det største og viktigaste funnet var ei skinnsko, 3400 år gammal, funne ved Kvitingskjølen, Lom.

I 2010 vart det etablert ei utstilling som markerer at Norsk Fjellmuseum er autorisert nasjonalparksenter for Reinheimen. Det har og vore arbeidd med den desentraliserte "Informasjonsportalen" ved Dønfoss i Skjåk. Denne portalen skal innehalde formidling og informasjon om Reinheimen og Breheimen nasjonalpark, og er planlagt ferdig til sommarsesongen 2011.

Bordvassvegen som er ein gammal vassveg og er rydda, merka og skilta som ein turstig, har vore mykje brukt i 2010.

Vinterfestivalen "Barske glæder" vart arrangert for sjuande gong i mars 2010, i fellesskap med Museet i Nord Gudbrandsdal, SNO, Lom fjellstyre og Norsk Villreinsenter på Hjerkinn. Det er Norsk Fjellmuseum som er hovudarrangør, og har som formål å engasjere alle 5.-klassane i Ottadalen (Lom, Skjåk og Vågå). I år var naturmangfaldåret tema i tillegg til det enkle friluftslivet. På programmet stod å bygge bål, naturmangfald der elevane vart kjent med ulike dyreartar skyting med pil og boge, nomadeliv i lavvo.

Den Europeiske nasjonalparkdagen vart feira i Lom den 22. mai, Jotunheimen nasjonalpark sitt 30 års jubileum vart markert, med guida turar, servering av lokal mat og dukketeater for barn med vekt på naturmangfaldet.

I samarbeid med kommunen og Jotunheimen Reiseliv AS arrangerte Norsk Fjellmuseum vertskapskurs i nasjonalparklandsbyen Lom. Dette gjekk ut på å bli kjent med alle 3 nasjonalparkane i kommunen, aktivitetstilbod og god lokalkunnskap.

Årboka for Norsk Fjellmuseum/Jotunheimen nasjonalparksenter for 2010 var ny bok i serien "Norges nasjonalparker", i 2010 var "Jotunheimen" årbok. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Norsk Fjellmuseum, SNO/DN, DNT og Gyldendal forlag. Boka er ei praktbok i større format.

"Klimapark2469"

Ideen til Klimapark2469 oppstod da arkeologiske funn frå reinsjakt i tidligare tider smelta ut av isen i Jotunheimen. I 2007 vart Norges hittil eldste sko, ca 3400 år gammal, funne ved ei snøfonn ved Kvitingskjølen i Lom. Det er eit tydeleg teikn på at denne fonna ikkje har vore så lita sidan bronsealderen. Hadde den det vore, hadde skinnskoen raskt vorte øydelagd i kontakt med luft. Ein annan stad der det er gjort unike funn, er ved Juvfonna i nærleiken av Galdhøpiggen, heilt inn til nasjonalparken. Her på 1800-1900 moh er dei arktiske klimaprosessane tydelege, med opptining av permafrost, bresmelting osv. I dette området ferdast mange tusen turistar som kjem bilvegen opp frå Bøverdalen, med Galdhøpiggen og sommarskisentret som mål. Juvasshytta, det store knutepunktet i området, har sidan 1885 teke imot fjellfolk. Området er derfor godt tilgjengeleg og egnar seg derfor

særs godt for tverrfagleg formidling knytt til natur- og kulturarven i lys av våre dagars globale miljøutfordringar.

Visjonen for Klimapark2469 er å etablere ein unik arena for formidling, forsking og verdiskaping knytt til klimaendringar, kulturminner og høgfjellsnatur i eit langtidsperspektiv. Klimaparken skal utgjere ein høgalpin arena ved Juvasshytta og Galdhøpiggen samt ny utstilling ved Norsk Fjellmuseum der blant anna dei arkeologiske funna skal inngå. Hovudmålgruppa skal vere barn og unge.

Både Oppland Fylkeskommune, Fylkesmannen i Oppland, Lom kommune, Norsk Fjellmuseum, Nasjonalparkriket og SNO har i 2009 og 2010 vore involvert i prosjektet der utfordringar og mulegheiter er utreda. Norsk Fjellmuseum hatt prosjektleiaransvar for formidlingsdelen av forprosjektet saman med SNO Jotunheimen. Ein spektakulær istunell vart graven ut i Juvfonna i mai av ei gruppe franske fjellførarar som har spesialisert seg på dette. Istunellen viste seg å bli eit sentralt element i formidlingsdelen av prosjektet. Ein eigen klimaparkvegledar var som i 2009 tilsett i prosjektet, med spesielt ansvar for formidlingsopplegg både for turistar og hovudmålgruppa barn og unge. Ca 2500 personar vart guida i Klimaparken sesongen 2010. Alle 9. klassene i heile Norddalsregionen hadde eit opplegg her i år som i fjar. Elles var det fleire høgskular, universitet, vidaregåande skular og turistar som besøkte området.

Det vart også i år arrangert Klimacamp for ungdommar frå Polen, Litauen, Storbritannia og Norge. Dett er ein camp der ungdom får treffen kvarandre, forskrarar knytt til klimautfordringar, politiske beslutningstakarar lokalt, regionalt og nasjonalt. Denne campen samla mellom 30 og 40 ungdomar og var særsvellukka.

2.3.2. Skjøtsel/tilrettelegging

Naturopsynet utfører kvart år faste skjøtseltiltak som renovasjon, ettersyn av tidligare utførte tilretteleggingstiltak og ettersyn/vedlikehald av grenseskilt og informasjonstavler. I samarbeid med forvaltningstyresmakta gjennomfører naturopsynet årleg mange ulike skjøtselstiltak, registreringar og dokumentasjon. Mange av desse tiltaka vert utført av sesongtilsette eller ved tenestekjøp av spesialkompetanse.

Jotunheimen Vest

Stiftinga Utladalen Naturhus (SUN) koordinerer skjøtsels- og informasjonsarbeidet i heimre Utladalen. Skjøtselstiltak i Utladalen er som tidlegare vidareført med bakgrunn i utarbeidd skjøtselsplan for området (godkjent i 1998). I tillegg til slått vert ein del av den inngjerda kulturmarka beita av sau og geit. Revidering av skjøtselsplanen starta opp i 2009 ved ny kartlegging av det biologiske mangfaldet i kulturlandskapet. I august vart arbeidet starta opp med å restaurere delar av kulturmarkene rundt Vormeli på bakgrunn av kartlegging av biologiske verdiar og tilrådingar om skjøtsel (jfr Rapport VTE 1- 2008 Tanaquil Enzensberger). Arbeidet med å revidere skjøtselsplanen vil halde fram i 2011.

Skjøtsel og tilrettelegging i eit såpass bratt og uvegsamt terrenget som Utladalen stiller store krav til dei som skal utføre arbeidet. Det viser seg å vere ei utfordring å få til eit effektivt og rasjonelt arbeid. Ikkje minst er det ei utfordring å finne det best eigna maskinelle / tekniske utstyret til skjøtsel av gammal, bratt, steinut kulturmark. Det er ei målsetting å nytte to-hjuls slåmaskin der det er framkomeleg.

I Avdalen vart steinmurar rundt delar av innmarka og bakkemurar restaurert av sherpaer frå Nepal med spesialkompetanse på dette arbeidet.

Arbeidet med Natur- og kulturstien i Avdalen vart starta opp i 2008 og fullført i 2009. I alt 9 infotavler vart montert langs stien frå tunet i Avdalen til Furuhaugen. Stien vart offisielt opna ved eit familiearrangement i samarbeid med Årdal Turlag i oktober 2009. I 2010 er det langs stien tynna ut

ein del meir skog og kratt. To oppmura åkrar er restaurert samt ein steinmur rundt ein slåtteteig. Steinmuringa vart utført av sherpaene.

Arbeidet med å restaurere kløvjevegen opp til Avdalen vart fullført i år. Her trengs det årleg vedlikehald.

Årleg må delar av stien inn til foten av Vettifossen gravast fram over dei to rasutsette partia langs Utla. Her er det elles montert /fastbolta wirar langs den mest utsette strekninga. Desse blir årleg utsett for skade av Stein som losnar over stien og rasar ned i elva lenger nede. Det er spesielt feste for denne wiren som er utsett for skade. Det vil vere behov for å skifte ut denne sikringa i 2011.

Også i 2010 vart det utført ein god del restaureringsarbeid på den T-merka turstien opp til Fannaråken frå Helgedalen. I år vart det meste av arbeidet utført på stien frå anleggsvegen og opp til nasjonalparkgrensa. Innafor nasjonalparken vart ei steintrapp med fleire titals trinn mura opp i eit spesielt bratt og vanskeleg parti av stien. Arbeidet vart utført av sherpaene frå Nepal, og vil truleg bli sluttført i 2011.l.

Etter ein særskilt snøfattig vinter i Vest-Jotunheimen, og med påfølgande sterkt smelting i sommar, dukka det fram ein god del gammalt skrot og avfall i området ved Fannaråken. Dette vart samla i hop av oppsynet og gode medhjelparar, og transportert ut med helikopter i big-bagar. Om lag 5 tonn vart frakta ut og levert på godkjent søppellass.

Jotunheimen Aust:

Arbeidet med restaurering av fjøset ved Gjendebu vart fullført i år. Under "Fjellfesten" ved Gjendebu første helga i juli vart fjøset offisielt opna og nøkkelen overrekt til generalsekretær i DNT Oslo og Omegn, Sverre A. Larssen

Det vart utført ein del vedlikehaldsarbeid på Besseggenstien opp frå Memurubu i juli. Spesielt viser dette seg å vere viktig etter kraftig regnvær, i eit såpass bratt terreng med så stor ferdsel.

Skjøtsel av den gamle kulturmarka i Gjendebuområdet heldt fram. I år vart det rydda ein god del einerkratt på området ned mot Storåa. I tillegg vart det tynna ut meir bjørk aust for fjellstyre- / beitelagshytta. Forsøket med geit som beitedyr ved Gjendebu vart starta opp i 2009 og vidareført i år. 18 geitebukkar (kje) gjekk på beite store delar av sommaren.

Ny utedo vart bygd ved parkeringsområdet i Veodalen. Nils Teigen utførte oppdraget.

Ein del gangbaner (halvklovningar i feitfuru) vart lagt ut på våte parti av stien langs Gjende, mellom Memurubu og Gjendesheim, og på våte parti langs stien ved Veslåa etter omlegging av stien.

Det vart bygd nytt informasjonspunkt ved Gjendeosen. Det førre vart teke ned i samband med nybygget på kiosken i 2009. Arbeidet vart utført av Gjendebåten AS, Gjendeosen Kiosk og Parkering, Vågå kommune og Fylkesmannen.

Juvasshytta har stått for utviding av parkeringsplassen ved turisthytta. Dette er m.a. gjort med statstilskot (forvaltningsmidlar), tilskot frå kommunen og Statskog.

2.3.3. Registrering/dokumentasjon

I samband med oppsynsarbeidet vert naturtilstanden generelt, samt fauna og flora spesielt, registrert og dokumentert m.a. for å kunne følge med i utviklinga i området over tid. Vidare blir faste installasjoner og kulturminne registrert.

Langs stien opp mot Glittertind frå vest vart det i sommar registrert omfattande erosjon og slitasje. Det same gjeld stien opp frå Visdalens mot Galdhøpiggen. Her er det trond for omfattande restaureringstiltak og kanalisering.

Ei kartlegging av ugler og dagrovfuglar i Utladalen starta opp i 2009. Dette arbeidet vart vidareført i år. Utladalen viser seg å vere eit rikt område for desse artane.

I Lom, Vågå og Vang har det elles vore fokusert på dokumentasjon og registreringar i mindre verneområde.

Som ei vidareføring av brukarundersøkingane i 1992 og i 2002, vart det i 2010 gjennomført ei ny brukarundersøking i Jotunheimen i regi av Fylkesmannen i Oppland. 8 kassar for sjølregistrering vart utplassert ved dei mest sentrale innfallsportane på aust og vestsida av nasjonalparken /landskapsvernombordet. Oppsynet stod for det praktiske med utplassering av kasser og innsamling av skjema. Til skilnad frå dei to første undersøkingane, vart det i 2010 gjennomført ein oppfølgjande undersøking pr e-post. Det vart innsamla 9000 svar frå sjølregistreringskassane. Av 2250 utsendte e-postar vart det motteke ca 1550 svar på dei oppfølgjande spørsmåla. Data frå undersøkingane vil bli analysert i første halvdel av 2011.

2.4. Tiltak som har fått særlege tilskot

Følgjande tilskot vart gjeve til særlege tiltak i nasjonalparken og landskapsvernombordet i 2010:

Tildeling over forvaltningsbudsjettet:

Stitilrettelegging Fannaråken	250 000
Villreinovervakning	10 000
Bruer Utladalen	50 000
Skjøtsel kulturlandskap Utladalen	200 000
Skjøtsel styvingstre Utladalen	80 000
Kartlegging dagrovfuglar og ugler	10 000
Nytt infopunkt Gjendeosen	17 000
Utdo Veodalen	100 000
Skjøtsel Gjendebu	80 000
Infoplakat Besseggen	80 000
Fjøs Gjendebu (avslutning restaureringsprosjekt)	70 000
P-plass Juvasshytta	100 000
Brukerundersøking	125 000
Naturveiledarprosjektet	400 000
Klimapark2469	800 000

Tilskot frå landbruksavdelinga, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:

SMIL-midlar til kulturlandskapskjøtsel i Heimre Utladalen	150 000
---	---------

Tilskot frå Årdal kommune:

Skjøtsel langs Vettisvegen og P-plass ved Hjelle	30 000
--	--------

Sum: **2 552 000**

2.5. Sakshandsaming

Fylkesmennene handsama i 2010 i alt 38 saker som gjaldt verneområda (18 saker i Oppland, 20 saker i Sogn og Fjordane, både Jotunheimen NP og Utladalen LVO).

I Sogn og Fjordane sin del av nasjonalparken vart det gjeve 10 løyver, derav 9 for motorferdsel (5 snøskuter og 6 helikopter) og 2 for arrangement/ferdsel. Det var ingen søknader om inngrep i 2010, men Fylkesmannen vart beden om å gi ei førehandsvurdering av en kunstinstallasjon der vi konkluderte med at det truleg ikkje var heimel for å gi løyve. Arbeidet med utviding av Olavsbu (løyve i 2009) starta opp i 2010 og var årsak til mykje helikoptertransport. I Utladalen landskapsvernområde gjaldt 1 sak inngrep (rammeløyve uthus med toalett og vedlager ved 3 fjellstyrehytter, medan søknad om naust ved den eine hytta vart avslått). Det vart gjeve eit løyve (kjentmannskjøring med snøskuter til Sogn og Fjordane Røde Kors Hjelpekorps, som i nasjonalparken. Ingen søknader om motorferdsel i nasjonalparken og landskapsvernområdet vart avslått, men nokre av søknadane fekk løyve til motorferdsel som vart endra i høve til det dei sökte om. Tre av søknadane om bruk av helikopter gjaldt i samband med filmopptak.

I Oppland sin del av nasjonalparken vart det gjeve totalt 18 løyver etter verneforskrifta, av desse er: 8 motorferdselløyve. 3 av desse var forlenging av fleirårige løyve. Snømålingar/Glommen og Lågen, bremålingar/NVE og saltsteinutkjøring / Besstrondfjellet beitelig. Dei andre løyva er 2 til filmrelaterte oppdrag, eigedomssoppmåling, diverse tekniske installasjonar ved turisthytter/ombygging av fjellstyrehytte, redningsøving.

Det vart gjeve to løyver for tekniske installasjonar, riving og bygging av ny Bessvassbu for Vågå fjellstyre (tileggsvilkår gjeve i 2011), etablering av temperaturloggjarar i Galdhøpiggrådet.

Det årlege Galdhøpiggrådet og Galdhøpiggen Opp (motbakkeløp) vart begge forlenga for 2010. Det vart gjeve løyve til to nye arrangement: "Jotunheimen Adventure Racing (turløp) og "Besseggenløpet" (med konkurranseklasse). Desse vil først bli gjennomført i 2011.

2.6. Ferdsel

2.6.1. Ferdsel til fots og på ski

Ferdsel i verneområda i Jotunheimen har ikkje endra seg vesentleg dei seinare åra, bortsett frå ein auke spesielt i Turtagrøområdet i samband fleire større arrangement. Overnattingstala frå DNT-hyttene viser ein nedgang i vintertrafikken. Ein kan elles registrere at det er fleire som tek dagsturar inn i område utanom sjølve sesongen. Ferdselsteljing langs Besseggenstien ved Gjendesheim viste 50 000 passande i tidsrommet 1. juni til 20. oktober. I fjer viste teljaren vel 46 000 mellom 4. juni og 20. oktober.

Tal transporterte turistar med båtane på Gjende var 35 880 i 2010 mot 33155 i 2009 og 34191 i 2008. Det reelle talet er nærmara 40 000 da skuleklassar, pensjonistgrupper og faste betalande passasjerar ikkje er med i dette billett-talet. F.o.m. neste år vil totaltalet gjelde melder Gjendebåten.

Dei fleste av DNT sine hytter hadde ein nedgang i besøkstala for sommarsesongen i Jotunheimen i 2009 i forhold til året før. Dette kan truleg knytast til det våte veret i juli og august.

	Sommar	Vinter	I alt
2002	37762	8694	46456
2003	39316	9360	48676
2004	36720	8105	44825
2005	38417	8243	46660

2006	39648	8585	48231
2007	39201	8271	47472
2008	39633	8309	47942
2009	38270	8311	46581
2010	38732	7664	46396

Fig. 1. Overnatting i DNT Oslo og Omegn sine turisthytta i- og like utanfor verneområdet.

Det er fire private turisthytter innafor nasjonalparken som ikkje er med i statistikken over. Overnattingstalet for desse hyttene er estimert til om lag 10000 i året. I tillegg kjem overnattingar i telt og privathytter i verneområda. For alle dei andre private turistbedriftene som ligg i nærmiljøet til verneområda i Jotunheimen viser statistikken frå SSB i alt 987776 overnattingar i 2008 (campingplassar er ikkje med i denne statistikken). Dette er det høgste overnattingstalet sidan 1995, med ein jamm auke frå 75651.

2.6.2. Motorferdsel

Det var fleire tilfelle av lågtflyging (luftforsvaret sine jagarfly) i Utladalsområdet og Gjendeområdet. Lågtflygingsgrensa i Utladalen er 300 meter over bakken, mot 60 meter i Jotunheimen elles. Det vart anmeldt eit tilfelle av ulovleg helikopterbruk i Luster. Elles er det ikkje registrert noko ulovleg kjøring med snøskuter utanom dei som har løyve til nyttekjøring.

Oppsettet nedanfor viser omfanget av motorferdselsakar mellom 2000-2010 (Søknader/løyver gitt)

	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Snøscooter	7/7	7/7	5/5	7/6	9/8	6/5	5/3	5/5	13/12	4/4	4/4 +7/7
Båt	0/0	0/0	2/2	2/2	1/1	0/0	5/5	8/7	3/3	4/4	1/1
Helikopter/fly	6/6	9/9	1/1	5/5	4/2	4/4	0/0	2+3/2+2	1/1	4/4	6/6 +2/2
Bil/barmark	5/5	10/8	2/2	2/2	1/1	0/0	2/2	3/3	5/5	2/2	
Andre	3/2	2/1	3/3	0/0	0/0	2/2	2/2	-	0/0	4/4	
Sum	21/20	28/25	13/13	16/15	15/12	12/11	14/12	21/19	21/20	16/16	

I rubrikkon "andre" inngår fleirårig løyve gjeve til DNT i samband med drifta av turisthyttene og turrutenettet (bil, båt, snøskuter, fornya løyve i 2009) og fleirårig løyve gjeve til NVE i samband med transport av måleutstyr til undersøking av bre.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gav i 2009 for første gong løyve til bruk av snøskuter for Røde Kors Hjelpekorps til kjentmannskjøring før påske i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde. Løyvet vart gjeve etter å ha hatt ein grundig gjennomgang av opplegget saman med Røde Kors Hjelpekorps. Politiet har også vurdert søknaden. Løyvet gjeld for eit avgrensa tal turar langs nokre av dei mest trafikkerte rutene, der det er mest truleg at redningsaksjonar vil vere aktuelle.

Det har vore 1 tilfelle av ulovleg motorferdsel i 2010. Dette gjaldt helikopter.

2.7. Reiseliv/kommersiell verksemd/arrangement

Med "Fjellteksten" ynskte regjeringa å opne for auka miljøtilpassa turistverksemd som ikkje er i konflikt med verneformåla i nasjonalparkane. Forvaltninga legg vekt på å ha god kontakt med dei som driv organiserte turoppligg.

Oppsynet konsentrerer seg om dei sentrale områda og hovudinnfallsportar dei månadane det er størst trafikk, som Gjendeområde, Galdhøpiggenområdet, Visdalens Fannaråken, Skagastølsdalen, Utladalen, Koldedalen, der dei driv vegleding og informasjon overfor besökande samt kontroll med bruken av områda. Bortsett frå nokre tilfelle av laushund er det er ikkje observert særskilte problem i 2010.

Det vart i år arrangert eitt telemarksrenn i nasjonalparken, "Galdhøpiggrennet", i Visdalens Lom, med 378 deltarar. Motbakkeløpet "Galdhøpiggen Opp" vart arrangert for andre gong 1. juli i 2010 med 60 deltarar. Oppsynet har ikkje registrert uheldige tilhøve i samband med desse arrangementet. "Tinderittet" ved Turtagrø i Luster vart i år som i fjor avlyst p.g.a. lite snø i dei nedre delar av Dyrhaugsryggen.

Ved "Fannaråken Opp" den 7. august gjennomførte 568 deltarar løpet i 2010, derav 368 i konkurranseklassen. For å unngå at deltarane tek snarvegar er alle svingar merkte under løpet med rauda plaststikker. Desse blir fjerna rett etter løpet. IL Fanaråk fekk nytt løyve for åra 2010 – 2015.

Like utanfor Jotunheimen nasjonalpark, på Turtagrø, er det 2 arrangement som meir eller mindre brukar nasjonalparken. Det gjeld "High Camp", der overnatting og arrangement om kvelden er lagt til Turtagrø Hotel med dei nærmeste omgjevnadane, og "Fjellfilmfestivalen". High Camp var lagt til 2. helga i mai, og dei arrangerar skiturar med mindre grupper til fjelltoppane i området. Vel 600 personar deltok ved dette arrangementet i 2010. Fjellfilmfestivalen andre helga i september arrangerer også turar i området, og har hatt filmframstilling ute ved Fanaråkhytta. Forvaltinga og oppsynet følgjer med på kor stor grad arrangementa påverkar naturmiljøet og om dei vert så store at dei er søknadspliktige for dei delane som skjer inne i nasjonalparken. Særleg for High Camp har dette vore ei viktig problemstilling i høve til villreinstammen i Vest-Jotunheimen (sjå teksten om villrein).

2.8. Landbruk

Storådalsdrifta hadde i år 109 storfe på beite i Veslådalen-Storådalen-området. Feet blir transportert inn til vestenden av Gjende med båten "Kua og kalven". I Veodalen var 152 storfe på beite. I Visdalens beita ein del sauar frå Nigard Sulheim. Utladalen sameige hadde 600 sau på beite i Gjertvassdalen,-/Guridalen-/Kongsdalen-området.

I samband med kulturlandskapskjøtsel gjekk det ca 20 sauar på beite i Avdalen og ved Vetti i Utladalen.

Lom tamreinlag og Vågå tamreinlag nyttar dei austlege områda av nasjonalparken som beite for tamrein. Talet på rein er stabilt med til saman om lag 4700 rein i vinterflokk (etter slakteuttag), fordelt omlag slik: Lom 2400, Vågå 2300.

2.9. Dyr, fugleliv og jakt

Villreinstammen i Vest-Jotunheimen ser ut til å vere på tur opp att etter den sterke nedgangen for nokre år sia. Under kalveteljinga i slutten av juni vart det telt minst 79 kalvar (49 i 2009). Under totalteljinga i slutten av november vart 268 vinterdyr registrert (182 i 2009). Overvaking med leveområdet for villrein er ei prioritert arbeidsoppgåve for oppsynet. Det har ikkje vore opna for jakt dei fire siste åra. Det vil vere ei utfordring framover å sikre at villrein kan nytte dei viktige beiteområda i nasjonalparken som ligg i området Hurrungane – Fannaråken – Sognefjellet. Dette er det snøsikraste området av Vest-Jotunheimen villreinområde, og derfor viktige beiteområde, spesielt om sommaren. Det vil vere spesielt viktig å få til ein god dialog med arrangørane av dei store arrangementa i dette området for å sikre at det vert teke omsyn til villrein. Like før arrangementet "High Camp" i mai gjekk ein flokk på 29 bukkar i området ved Turtagrø. Da arrangementet starta vart flokken uroa og trekte mot Rystølsnosi og Nosafjellet nord for Turtagrø. Der fekk dei ro og vart gåande til det var rolegare forhold att ved Turtagrø. Einar Fortun seier i rapport om villrein for 2010

at det er svært viktig at området nord og nordvest for Turtagrø vert halde utanfor store arrangement og at reinen på den måten får ha dette området som ein tilhaldsplass der det er ro og fred.

Elgbestanden i nedre del av Utladalsområdet verkar å vere noko større en tidlegare år (rapport frå jegrar). I nordre delen av Utladalen verkar det som elgbestanden er mindre no enn for nokre år sia. Det har ikkje vore observert elg ved vestenden av Gjende i år.

Det vart ikkje påvist hekking av kongeørn i Knutshø i 2010. Heller ikkje i Utladalen var det påvist hekking av kongeørn i år (hekking i 2009). Det er heller ikkje påvist hekking av jaktfalk i år i Jotunheimen. Hekking av kattugle registrert ved Hjelle. Dessutan vart det observert hønsehauk, spurvehauk og ein del tårfalk i Utladalen. Det har vore eit bra smågnagarår, med mykje mus og lemen, spesielt i vest.

I Luster sin del av verneområda var det ikkje storviltjakt i år. I Årdal sin del av verneområda vart det felt 3 elgar og 9 hjortar (området Vettismorki /Stølsmaradalen , Hjelldalen , Avdalen). Ved Gjende var det heller ikkje i år elgjakt

Det vart også i 2010 gjennomført bestandsregistrering av jerv.

2.10. Bygging og andre inngrep

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:

Det kom ikkje inn søknader om bygging og andre inngrep i Utladalen landskapsvernområde eller Sogn og Fjordane sin del av nasjonalparken i 2010. Fylkesmannen vart beden om å gi ei førehandsvurdering av ein kunstinstallasjon, og vi konkluderte med at det truleg ikkje var heimel for å gi løyve. Arbeidet med utviding og oppgradering av tilbygg på Olavsbu starta opp i 2010 etter at dette fekk løyve i 2009.

Fylkesmannen i Oppland:

Det vart gjeve to løyver for tekniske installasjoner, riving og bygging av ny Bessvassbu for Vågå fjellstyre (tilleggsvilkår gjeve i 2011), etablering av temperaturloggalar i Galdhøpiggområdet.

2.11. Forsking/registrering

Det blir gjennomført forsking og naturovervaking innanfor nasjonalparken. Mykje av dette er knytt til vurdering av breaktivitet og naturtilhøve som kan kaste lys over verknader av klimaendringar. Verksemda vert drive av NVE og universiteta. NVE har hatt målingar på Storbreen, Heillstugubreen og Gråsubreen gjennom mange tiår. Sidan frontmålingane starta på Hellstugubreen i 1901, har tilbakegangen vore drygt 1 kilometer. Avsmeltinga skjedde raskast mellom 1940 – 1980. I ein rapport frå NVE med målingar frå for eksempel Hellstugubreen, ser ein at denne breen hadde ein rekordstor netto avsmelting på 6.1 mill. m³ vatn, + -0,9 mill m³ i 2006. Dette medførte ei tilbaketrekning på 15 meter. I 2007 vart det målt 10 meter tilbaketrekning, i 2008 vart det målt 0 meter, i 2009 var målt til 10 meter og i 2010 målt tilbaketrekning på i alt 14 meter. Leirbreen hadde ei tilbaketrekning i 2010 på heile 50 meter. På Storbreen er det berre eitt år tidlegare (1996) målt mindre snø sidan målingane starta opp i 1949.

2.12. Forsøpling, skader og ulemper

Oppsynet registerer kvart år utviklinga i området som gjeld m.a. slitasje og søppel. Generelt er det lite søppel i området, men det er døme på lokalt større forekomstar av søppel, spesielt ved mykje bruk av leir- og rastepllassar. Det vart også i 2010 rydda ein god del søppel ved leirpllassar og andre pllassar med stor ferdsel.

3. Oppsummering - hovudinntrykk frå nasjonalparken og landskapsvernområdet i 2010

Tilhøva i verneområda verkar stabile både i høve til naturtilstanden og tal besøkjande. Nokre stader er det tydeleg og sterkt slitasje som bør følgjast opp. Ein registrerer ei aukande attgroing og skoggrense som kryp oppover, og sett i eit lengre perspektiv kan denne utviklinga få konsekvensar for flora og fauna. Dyre- og fuglelivet, med unntak av villreinen i vest, er stabilt og variasjonar i bestandane verkar normale. Ved planlegging av tilretteleggingstiltak skal det takast omsyn til dyre- og plantelivet. Til dømes skal det takast spesielt omsyn til villreinstamma i Vest-Jotunheimen.

4. Administrasjon

4.1. Forvaltning og naturoppsyn

Forvaltning og naturoppsyn i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsverneområde er organisert slik:

- Fylkesmannen i Oppland og Sogn og Fjordane er forvalningsstyremakt for nasjonalparken og landskapsverneområdet. Dei står for (forvaltnings-)planlegging og handsaming av dispensasjonssaker i medhald av verneforskrifta.
- Statens naturoppsyn (SNO) har ansvar for alt oppsyn, som inneber informasjon, skjøtsel, tilrettelegging, registrering, dokumentasjon og kontroll.

I kvar kommune (Årdal, Luster, Lom, Vågå og Vang) som har areal i verneområda er det eit tilsynsutval. Utvala er statlege, men blir valde av dei einskilde kommunane. Det er eigne retningslinjer for tilsynsutvala si verksem. Dei har uttalerett i dei fleste sakene i verneforskriftene. Utvala skal følgje med i at forvaltinga skjer i samsvar med intensjonane. I tillegg til at tilsynsutvala har eigne møte har dei eit fellesmøte kvart år. Der blir tilhøva i verneområda, forvaltning og oppsyn evaluert og diskutert, også i eit framtidig perspektiv. Fellesmøtet i 2010 vart halde 20. oktober i Lom. Fellesmøtet plar gå over to dagar med synfaring den eine dagen, men vart p.g.a. arbeidspress redusert til ein dag dette året.

4.2. Organisering av naturoppsynet

SNO er fast etablert med lokalkontor ved Klokkarhaugen i Vang i Valdres og ved Norsk Fjellmuseum/Jotunheimen nasjonalparksenter i Lom.

Bakgrunnen for SNO er *Lov om Statleg naturoppsyn* som vart vedteken 21.06.96. Statens naturoppsyn vart oppretta ved kongeleg resolusjon 25.10.96.

Formålet med SNO er å ivareta nasjonale miljøverdiar og førebyggje miljøkriminalitet. SNO skal ikkje gjera vedtak etter verneforskrifta, men drive oppsyn etter lov om statleg naturoppsyn, det vil seie utøve oppsyn etter 7 særlover (lakse- og innlandsfiskelova, viltlova, naturvernlova, motorferdsellova, friluftsløva, kulturminnelova og delar av forureiningslova) og gje rettleiing og informasjon. Vidare kan SNO drive skjøtsel, registrering og dokumentasjon i tillegg til at Miljøverndepartementet kan gje andre oppgåver.

Når forvalningsstyremaktene ønsker det gir SNO faglege innspel til sakshandsaminga (lokalt, regionalt eller nasjonalt). Dette kan til dømes vere innspel om naturtilhøva i eit område.

SNO er organisert som ei eiga avdeling i Direktoratet for naturforvaltning i Trondheim. Til saman var det pr. 31.12.10 i alt 60 lokalkontor med til saman omlag 87 SNO-stillingar. Desse er knytt til dei store verneområda i Sør-Noreg, verneområda på kysten, som koordinatorar for rovviltarbeid og arbeid med

skadefelling. SNO har ein samarbeidsavtale med Statskog om kjøp av oppsynstenester frå Fjelljenesten i Nord-Norge (Nordland og Troms). I tillegg vert det kjøpt inn tenester frå andre aktørar som fjellstyra og Skjærgårdstjenesten. I rovviltarbeidet er det engasjert om lag 200 rovvilkontaktar.

Arbeidsoppgåvene til SNO i nasjonalparken/landskapsvernområdet dekkjer eit vidt fagfelt:

- ivareta nasjonale miljøoppgåver
- kontroll i høve til lover, forskrifter og anna regelverk, samt vilkår i enkeltvedtak/løyver
- førebyggje miljøkriminalitet
- vegleding og informasjon
- praktiske skjøtselsoppgåver av ulik art
- registrering og dokumentasjon
- opplærings- og kompetansetiltak
- samordning av ulike oppsynsordningar

Arbeidsoppgåvene blir prioritert og utført med bakgrunn i sentrale føringar, innspel frå forvaltningsstypesmaktene, brukarar og oppsynet sine eigne erfaringar.

Til å utføre arbeidsoppgåvene vert det i tillegg til dei lokale SNO-stillingane kjøpt oppsynstenester frå Lom Fjellstyre, Vågå fjellstyre, Luster kommune, Stiftinga Utladalen Naturhus, og private.

4.3. Personell

Følgjande personell har teke del i oppsynstenesta i Jotunheimen i 2010 (arbeidsgjevar i parentes):

Personar i oppsynstenesta:	
• naturopsyn (Statens naturopsyn) 01.01. – 31.12 :	Rigmor Solem (fagleg ansvarleg)
• fjelloppsyn Lom (Lom fjellstyre) tenestekjøp kr. 205 000,- :	Odd Repp (hovudansvarleg) Åsmund Galde
• fjelloppsyn Vågå (Vågå fjellstyre) tenestekjøp kr. 115 000,-:	Knut Øyjordet (hovudansvarleg) Erik Myrum
• fjelloppsyn Luster (Luster kommune) tenestekjøp kr. 100.000,-:	Einar Fortun
• Vang (privat) tenestekjøp kr. 85.000,-:	Thor Østbye
• Årdal (Stiftinga Utladalen Naturhus) tenestekjøp kr. 150.000:	Øystein Horsberg/Petter Løvdahl

Tenestekjøpet dekkjer også oppsyn i nokre mindre verneområde utanom Jotunheimen i regionen.

Sakshandsamarar hos fylkesmennene var seniorrådgjevar Tom Dybwad (Sogn og Fjordane) og overingeniør Harald Klæbo (Oppland).

4.4. Møte/synfaringar/kurs som direkte vedkjem forvaltning og oppsyn

Fellesmøtet for tilsynsutvala gjekk i 2010 over ein dag, 20. oktober i Lom. Det er første gongen på mange år at fellesmøtet var berre ein dag, utan synfaring. Fellesmøtet bad om at det måtte vere eit unntak. På møtet orienterte SNO og Fylkesmennene om arbeidet og aktiviteten i verneområda sidan fjorårets fellesmøte, og informerte om arbeidet med ny verneforskrift og forvaltningsplan.

Tilsynsutvala orienterte om sitt arbeid lokalt. Det vart vidare orientert om m.a. naturvegledingsprosjektet og ny forvaltningsmodell for nasjonalparkar og om Klimapark2469. DNT Oslo og Omegn orienterte om utviding av Olavsbu og om arbeidet dei utfører på rutenettet. Under punktet om ny forvaltningsmodell gav Fellesmøtet ei uttale om at det i samband med ny forvaltningsordning må opprettast to forvaltarstillingar, ei på kvar side av fylkesgrensa. Fellesmøtet

for tilsynsutvala fekk og ein gjennomgang av bruken av midlar i 2010 og kom med framlegg til tiltak som bør få midlar i 2011.

I midten av august vart det arrangert eit kurs i skjøtsel av styvingstre / lauveng ved Avdal gard i Utladalen. Trepleiar Sigurd Sondre Huvestad og Tanaquil Enzensberger var vegledarar på kurset der naturopsyn frå SNO og forvaltarar deltok.

.5. Arbeidssamandrag

Det arbeidet oppsynstenesta utførte i 2010 var på om lag 400 dagsverk (om lag 399 dagsverk i 2009). Av dette var 159 dagsverk (156 dagsverk i 2009) kontorarbeid, administrasjon møter og kurs og 241 dagsverk (243 dagsverk i 2009) synfaring/tilsyn/skjøtsel og anna oppsyn i felt, samt reise/klargjering. Det meste av uteaktiviteten var som tidlegare konsentrert til sommaren.

Arbeid Statens naturopsyn har utført utanom Jotunheimen og som ikkje kan knytast til Jotunheimen er ikkje teke med. Det same gjeld sakshandsaming utført av fylkesmennene eller administrativt arbeid utført av SNO. Fylkesmennene brukar til saman om lag 4 månadsverk på forvaltninga av Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde.

Vedlegg

Adresser til tilsynsutval i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde

Lom kommune: Tilsynsutvalet for Jotunheimen nasjonalpark i Lom
 Adresse: postboks 94, 2688 Lom
 Leiar: Mai Bakken, 2686 Lom
 Sekretær: fjelloppsyn Odd Repp

Vågå kommune: Tilsynsutvalet for Jotunheimen nasjonalpark i Vågå
 Adresse: postboks 16, 2684 Vågå
 Leiar: Sverre Bråten, 2682 Lalm
 Sekretær: fjelloppsyn Knut Øyjordet

Vang kommune: Tilsynsutvalet for Jotunheimen nasjonalpark i Vang
 Adresse: fjellstyrekontoret, 2966 Slidre
 Leiar: Geir Moen, 2975 Vang i Valdres
 Sekretær: fjelloppsyn Endre Hemsing

Årdal kommune: Tilsynsutvalet for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i Årdal
 Adresse: Årdal kommune, P.b. 40, 6881 Årdalstangen
 Leiar: Vidar Sylvarnes, 6884 Øvre Årdal
 Sekretær: Gunvor Nordås

Luster kommune: Tilsynsutvalet for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i Luster
 Adresse: Einar Fortun, Luster kommune, 5820 Gaupne
 Leiar: Anders Fortun, 5833 Skjolden
 Sekretær: fjelloppsyn Einar Fortun

Adresser og telefon til fylkesmennene

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, postboks 43, 6861 Leikanger, tlf. 57 65 50 00

Fylkesmannen i Oppland, Serviceboks, 2626 Lillehammer, tlf. 61 26 60 00

Adresse og telefon til oppsyn**Statens naturoppsyn Jotunheimen:**

Rigmor Solem, kontor Klokkarhaugen, 2975 Vang i Valdres
telef. 61367171, mob. 959 65 158

Esben Bø (rovviltkoordinator Oppland), kontor Norsk Fjellmuseum, 2686 Lom
telef. 61211699 mob. 95722733,

Fjelloppsyn Lom: Odd Repp, Lom fjellstyre, 2686 Lom, telef. 61211670, mob. 91697613
Øyvind Angard, Lom fjellstyre, 2686 Lom, telef. 61211670,
mob. 48179109

Fjelloppsyn Vågå: Knut Øyjordet, Vågå fjellstyre, 2680 Vågå, telef. 61293737,
mob. 90966277
Erik Myrum, 2680 Vågå, Vågå fjellstyre, telef. 61293737,
mob. 90739335

Fjelloppsyn Luster: Einar Fortun, Luster kommune, 5820 Gaupne, telef. 57685500,
mob. 97622053

Naturoppsyn Vang (mindre verneområder): Thor Østbye, 2975 Vang i Valdres, telef. 61367412
mob. 90997194

Naturoppsyn Årdal (Utladalen landskapsvernombjørde): Petter A. Løvdahl, kontor Utladalen
Naturhus, pb 28, 6882 Øvre Årdal
Mob. 915 67 924

Aktuelle/nyttige internettadresser:

www.jotunheim.no

www.naturoppsyn.no

www.fjell.museum.no

www.utladalen.no

postmottak@fmop.no

postmottak@fm-sf.stat.no

Bilder frå tiltak og aktivitet i 2010



Utfraiking og oppsetting av kassar for brukarundersøking ved 9 innfallsporter



Naturvegleding av 5-klasse, Farnes skule 21. mai



Nasjonalparkfestival i Utladalen i 23. mai



Konsert ved Naturhuset 7. august



Naturvegleding i Veodalen i august



Tilrettelegging: Utlegging av gangbanar (halvklovningar) ved Gjende



Stiarbeid ved Memurubu



Nybygd steintrapp ved Fannaråken



Skjøtsel: Geiter på beite ved Gjendebu



Etter rydding og brenning av einerkratt ved Storåa / Gjendebu i juli



Rydning og utfraiking av 5 tonn gammalt skrot frå nasjonalparken ved Fannaråken Renovasjon: Hundeskit i plastpose langs Besseggenstien!





Registrering/overvaking: Omfattande erosjon og slitasje langs stien opp til Glittertind frå Visdalens – stort behov for omfattande restaureringsarbeid!



Restaurering: Steinmurar og bakkemurar ved Avdal gard etter restaurering utført av sherpaene Lapka og Dorje frå Nepal



Skjøtsel: Restaurering av slåtteeng rundt tunet i Vormeli i slutten av juli

Bygningen i tømmer og stein i Vormeli vart restaurert i 2009



Kurs i restaurering av styvingstre og skjøtsel av lauveng ved Avdal gard i midten av august

Restaurert alm og sau på beite



Restaurering av det gamle fjøset frå 1875 ved Gjendebu vart fullført i 2010, og offisielt opna 3. juli! Ny do vart bygd ved P-plass i Veodalen